

**COWI**  
Postboks 6412 Etterstad  
0605 OSLO

Dato: 19.12.2023  
Saksnr.: 2023/67482  
Dok.nr.: 3  
Saksbehandlar:  
Angunn Skeiseid

## Karmøy kommune - gnr 86 bnr 259 - detaljregulering - plan 2023004 - Havneområde Søra Flatskjeret - Husøy - varsel om oppstart av reguleringsarbeid – fråsegn vedrørande kulturmiljø

Fylkesdirektøren viser til varsel om planoppstart av detaljregulering på gnr 86 bnr 259 – Havneområde Søra Flatskjeret - ved Husøy i Karmøy kommune.

Rogaland fylkeskommune er delegert ansvaret som kulturmiljøstyremsmakten i plansaker etter plan- og bygningslova, og skal gi ei samla fråsegn for heile kulturmiljøforvaltinga. Vi har derfor motteke innspel fra Stavanger maritime museum (jf. vedlegg) og Riksantikvaren.

### Bakgrunn for saka

Hensikta med - og bakrunnen for - planarbeidet er at Karmsund Havn IKS ønsker å legge til rette for utviding av hamneområdet som er regulert mellom Nordra Flatskjeret og Søra Flatskjeret. Utvidinga vil – ifølge planforslagsstilla - bidra til å imøtekomme veksten innan sjøbasert næring og sikre området for fyllmassar frå E39 Rogfast-prosjektet.

Arealføremåla er hamn, hamneområde i sjø, og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Planområdet er på ca. 305 daa, og ligg søraust for næringsområdet på Husøy. Det vert opplyst at endelig planforslag kan bli noko mindre i areal enn vist ved oppstart.

Deler av området er regulert frå før og inngår i reguleringsplanen Havneområde Flatskjer, Husøy (plan-ID 4075) med føremål hamn og hamneområde i sjø. I kommuneplanen ligg det uregulerte området i sjøen med føremål for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Planforslaget er vurdert til å utløyse krav om konsekvensutredning, jf. forskrift om konsekvensutredning § 8 og vedlegg II pkt. k., då det planlagte tiltaket vil medføre stor fylling av steinmassar i sjøen. Tema som skal greiast ut om i KU er landskapsbilete, friluftsliv, naturmangfold, kulturarv, naturressursar og folkehelse. I tillegg vil det bli aktuelt å særskilt vurdere støy og forureining.

## Vår vurdering

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert det no varsle planområdet og eventuell konflikt med automatiske freda kulturminne, som sektormyndighet innanfor kulturminnevern. Sidan planforslaget omfattar område i sjø, er planen oversendt til Stavanger maritime museum som har fagansvar for kulturminne i sjø, jf. Lov om kulturminne §§ 9, 10 og 14.

I eit område nordvest for det no varsle planområdet ligg kulturmiljøet på Avaldsnes som er freda i medhald av Lov om kulturminne §4.

Avaldsnes er eit svært verdifullt kulturminneområde – både i lokal, regional og nasjonal samanheng! Området er karakterisert av den strategiske plasseringa med kontroll over skipsleia gjennom Karmsundet. Landskapet er prega av låge terrengformer.

Jordbrukslandskapet er ope med bølgande former som er brotne av små knausar og våtmark. Mektige gravmonument, busetnadsspor og kulturmiljø som er knytta til tidlegare tiders maktsentra, rikssamling, kyrkjemark og handel ligg tett og gir landskapet eit historisk sær preg med stor tidsdjupne.

Olavskyrkja ligg sentralt på plataet med vidt utsyn – og innsyn. Kyrkja har vore eit landemerke sidan mellomalderen og er fortsatt eit dominerande element i landskapet.

Avaldsnes ligg inne som eige KULA område (Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse), og her er det ein intensjon om at landskapet ikkje skal endrast på ein uehdlig måte.

Avaldsnes kulturmiljø er ein monumental stad, ligg opent og fritt til og har enda eit visst samband til sjøen, kor ein i tidlegare tider har hatt ein viktig funksjon som makt- og rikdomsmarkør i det kommunikasjonsmessig travle og viktige Karmsundet. Dette er eit viktig kulturmiljø – både i seg sjølv med den monumentale oppbygginga, men også når ein tenker på plassering – svært synleg og sentral i Karmsundet.

Kulturminnestyresmaktene meiner det er viktig å få sikra og verna dette kulturmiljøet – det gjeld både sjølve plataet og området, men også at landskapet rundt – omgjevnadene til Avaldsnes – ikkje bidreg til ytterlegare utilbørleg skjemming, jf. Lov om kulturminne §3. Det er ein realitet at det er fleire større, moderne fysiske inngrep – i form av allereie regulerte industri-/næringsområde (Husøy, Hydro på Håvik, Vormedal, Bøvågen) rundt Avaldsnes. Målet er jo då å få sikra at alle nye forslag til regulering i størst mogleg grad blir planlagt og utført slik at det er til minst mogleg ulempe og skjemming av det viktige kulturmiljøet på Avaldsnes.

Fylkesdirektøren sine innvendingar til den no varsle planen, er i første rekke knytta til høgder og volum på mogleg nye installasjonar som skal brukast i samband med aktiviteten (sjøbasert næring) og verknaden av korleis det vil ta seg ut når båtar/skip/fartøy ligg til kai på det nye hamneområdet. Nye utfyllingar og igjen ny hamn vil komme lenger ut i sundet/sjøen og vil kanskje ikkje bli like godt dekka av jordvollen som vart laga nord på Husøy – for å «skjule» industriaktivitet.

I det vidare planarbeidet forutset vi at kulturmiljøet på Avaldsnes vert rekna inn som influensområde til det no meldte planområdet (sjå under).

### Konsekvensutgreiinga (KU)

I konsekvensutgreiinga (KU) blir det svært viktig å vurdere konsekvensane utfylling og seinare, reell arealbruk, vil få for kulturmiljøet på Avaldsnes.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at verknadene av tiltaket vil strekke seg utover planområdet. Vi forutset difor at ein ser breidt på området:

*Planområdet* er området der tiltaket vil medføre fysisk arealpåverknad

*Influensområdet* er det samla området der tiltaket kan medføre konsekvensar

*Utgreivingsområdet* består av planområdet og dei områda som blir influert (påverka) av tiltaket

Med utgangspunkt i særslig høge kulturmiljøverdiar i området, legg fylkesdirektøren til grunn at KU blir gjort på eit høgt detaljeringsnivå.

Frå kulturminnemyndighetene si side er fagtema som går på landskap/landskapsbilete og kulturarv viktige at blir belyst og gjort greie for. Det er positivt at desse temaene er nemnde i varslingbrevet, mottatt den 07.11.2023.

- 1) **Landskapsbilete** – definisjon av tema - er her eit uttrykk for landskapet sine romlege- og visuelle eigenskapar med naturlege og menneskeskapte komponentar og element, som særpregar eit geografisk område. Det romlege og visuelle omhandlar korleis landskapet vert opplevd som fysisk form.

*Fokus for utgriing:* Skaffe kunnskap om verdifulle område for temaet og gjere greie for dei konsekvensane moglege, ulike utbyggingsalternativ kan gi. Det bør klargjerast kva slags alternativ som er best og dårlegast for fagtemaet.

#### *Behov for utgriing:*

- Identifisere influensområde. For landskapsbilete vert influensområdet avgrensa av kor synlege dei ulike tiltaka er sett frå omgjevnadane.
- Heilsakpsvurdering av inngrep, og av ny terregn- og landskapsforming.
- Tilpassing av nye element og tiltak skal vurderast opp mot landskapet sine kvalitetar.
- Landskapsökologiske vurderingar knytt til topografi, barriereverknad og sentrale landskapselement/-komponentar.
- Vurdering av lokalisering og utforming av permanente bygg/installasjonar

#### *Metode:* • Innhenting av kjent kunnskapsgrunnlag

- Synfaring
- Landskapsanalyse
- Verdi- og sårbarheitsvurdering
- 3D visualisering skal nyttast, særleg for vurdering av fjern- og nærverknad av tiltak.

- 2) **Kulturarv/kulturmiljø** – definisjon av tema - omfattar spor etter menneskeleg verksemd gjennom historia – her Avaldsnes som kulturmiljø og kulturhistorisk landskap. Kulturmiljø er definert som eit område kor kulturminne inngår som ein del av ein større heilsak eller samanheng. Kulturhistoriske landskap vert i

denne samanhengen forstått som større samanhengande område med kulturmiljø, kor den kulturhistoriske dimensjonen er tydeleg.

*Fokus for utgreiing:* Området inneholder eit heilskapleg kulturmiljø, automatisk freda kulturminne. Både enkelminna og kulturmiljøa ligg i eit landskap sterkt prega av menneskeleg verksemd over mange tusen år. Formålet med utgreiinga er å samle kunnskap om dette verdifulle området og sjå på konsekvensane av omsøkt regulering og mogleg, seinare arealbruk av området på Husøy.

Utgreiinga bør dekke følgjande deltema:

- Førhistoriske kulturmiljø (Avaldsnes - automatisk freda kulturmiljø) og marine kulturminne
- Potensial for funn av ikkje-kjende automatisk freda kulturminne (då i sjø- sjå innspel frå Stavanger maritime museum)

*Behov for utgreiing* Utgreiinga bør ta utgangspunkt i kjende registreringar og databasar, men ein må i tillegg pårekne ein del feltarbeid, for å dokumentere dei kulturmiljøa som kan komme til å bli influerte av planen. Planen - og vidare, potensielle tiltak - sin innverknad på kulturminne og kulturmiljø må greiast ut om – dette gjeld både direkte og indirekte påverknad. Influensområdet er både nærområda til det aktuelle planområdet, og områda kor tiltaket vil gje visuell påverknad på kulturmiljøet.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at for å sikre at alle dimensjonar i det komplekse kulturhistoriske landskapet vert vurdert, er det naudsynt med eit tett samarbeid mellom tema landskapsbilete og kulturarv/kulturmiljø.

Utgreiinga skal illustrerast med kart, skisser, foto, tabellar og liknande der det kan vere med på å klargjøre konfliktpunkt og konsekvensar. Vi ber om at ein finn ulike og hensiktsmessige fotopunkt som på ein tilstrekkeleg måte kan illustrere korleis situasjonen vil kunne bli frå Avaldsnes dersom kaiområdet vert teke i bruk. 3D visualisering vil også vere svært hensiktsmessig – og ønskeleg. Det skal gjennomførast ei potensialvurdering som seier noko om kor og i kva grad ein kan venta å finne automatisk freda kulturminne i området (i sjø).

***Merknader frå Stavanger maritime museum (SMM) (sjå heile brevet som vedlegg)***  
**Potensialvurdering**

SMM vurderer det slik at sjøareala innanfor planområdet til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne og skipsfunn. Området rundt Husøy er omgjeve av automatisk freda kulturminne og eit unikt kulturhistorisk miljø av nasjonal og internasjonal verdi både på land og i sjø. Karmsundet var hovudkystlei i historisk og førhistorisk tid. Dei synlege kulturminna rundt planområdet vitnar om eit område som har vore eit knutepunkt i alle periodar av førhistoria vår. Dette har igjen generert stor marin aktivitet i områda rundt Avaldsnes, og frå tildegare marinarkeologiske undersøkingar i området er det kjent sjøavsette kulturlag, ballastrøyser, skipsvrak og anker som er daterte til jernalder.

*Krav om registrering, jf Kulturminneloven §9.*

På vegne av SMM fremjer Rogaland fylkeskommune krav om at det vert gjennomført ei arkeologisk registrering, jf Kulturminnelovens §9, for å avklare forholdet til freda kulturminne i sjø. Kravet vil først kunne bli reist når planen kjem på offentleg ettersyn, men det vert tilrådd at ein får gjennomført registreringa på eit tidleg tidspunkt slik at kulturminneomsynet kan takast ivare på ein hensiktsmessig måte, og slik at det vert føreseieleg i planlegginga. Av praktiske og kostnadsmessige årsaker vert det tilrådd å samkøyre arkeologisk registrering av plan-id 2023004 og plan-id 2023005.

Stavanger maritime museum fremja den 21.08.2023 krav om arkeologisk registrering vedrørende søknad om flytting av utslippsleidning, gnr. 86 bnr. 248 på Husøy (sak nr. 23.139 i figur). Ettersom dette sjøarealet overlappar plan-id 2023005 og plan-id 2023004, bør denne inngå i den same registreringa.

Det er tiltakshavar som må betale for kostnader til slike undersøkingar, jf Kulturminnelovens §10.

***Merknader frå Riksantikvaren, e-post datert 12.12.2023***

Vi viser til oversendelse med varsel om oppstart av detaljregulering for Søra Flatskjeret – Husøy med planID 2023004.

Vi ber om at følgende merknad innarbeides i fylkeskommunens uttalelse:

Riksantikvaren gir med dette sin uttalelse om de forvaltningsområder som er Riksantikvarens førstelinjeansvar, som i dette tilfellet er:

- Avaldsnes kirke fra middelalderen, automatisk fredet i henhold til lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.), § 4, første ledd, pkt. a.

Ved tiltak i automatisk fredete kulturminners omgivelser skal det iht. kml. § 3 vurderes om tiltaket vil utilbørlig skjemme kulturminnene og om det i så fall kan gis dispensasjon i henhold til kml. § 8 fjerde ledd for å gjennomføre tiltaket og eventuelle vilkår for denne. Riksantikvaren er rette myndighet når det gjelder automatisk fredete kirker.

*Beskrivelse av kulturminnet*

Avaldsnes kirke ble bygget rundt 1250 og rundt 1300 var den en av 14 kongelige kapeller i riket. Kirken lå delvis i ruin en periode før den ble restaurert på 1800-tallet og igjen på 1920-tallet. Kirken ligger svært synlig til på et forholdsvis høyt punkt i området, med utsikt i alle retninger. Før dagens kirke ble bygget skal det i følge sagnet ha stått en trekirke på stedet, reist av Olav Tryggvason. I området rundt kirken ligger det flere gravhauger og bautasteiner, og stedet antas å ha hatt høy betydning siden romersk jernalder.

Det aktuelle planområdet ligger tilknyttet eksisterende industri et godt stykke sør for Avaldsnes kirke. Fordi kirken ligger høyt og både kirken og planområdet ligger i sjønært terrenget uten vegetasjon, er industriområdet godt synlig fra kirken. Planområdet ligger også i det som var innseilingen til kirken fra sør den gang sjøen var hovedfartsåre. En høyere grad av utfylling og endring av naturlig landskap enn allerede eksisterende er uheldig for opplevelsen av kirken når man ankommer fra sør, og

skjemmer opplevelsen av landskapet sett fra kirkestedet. Om det tillates nye tiltak bør reguleringsplanen inneholde begrensninger knyttet til høyden på nye konstruksjoner. Utnyttelsesgraden bør også begrenses og eventuelle fyllinger og andre terrenginngrep bør få tilsvarende uttrykk som naturlig terreng i området.

### **Avslutning**

Vi har vore i møte med Karmsund havn IKS og Hydro Karmøy i samband om planar for Haugesund Windport – Håvik. Her vart både Husøy og Bøvågen nemnt som lagringsplasser for modular til havvindmøller. Oppbevaring av modular i Bøvågen vert vurdert som svært konfliktfullt med tanke på omgjevnadene til Avaldsnes kulturmiljøområde.

Fylkesdirektøren forutset at ein i det vidare planarbeidet finn alternative område for den sjøbaserte næringa, slik at kulturmiljøet på Avaldsnes - som har høg regional og nasjonal kulturhistorisk verdi - vert tilstrekkeleg ivaretatt. I tillegg til dei ovanfor nemnde punkta kring KU, forutset kulturminnemyndigheten at ein i KU også vurderer og inkluderer alternative (plan)område for den ønska verksemda.

Vi gjer merksame på at det kan komme ytterlegare merknader til planen når den kjem på offentleg ettersyn. Fylkesdirektøren vil først då kunne ta stilling til om den no varsle planen vil vere akseptabel med tanke på ivaretaking av dei svært høge kulturmiljøverdiane som er i området.

Helsing  
Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
spesialrådgjevar

Kopi til:  
Karmøy kommune  
Statsforvaltaren i Rogaland  
Stavanger maritime museum  
Riksantikvaren

Vedlegg: brev frå Stavanger maritime museum, datert 23.11.2023.

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennlig å oppgi vårt saksnr når du svarar på brevet.*